



Referat

Delprosjekt: P2 Politisk organisering, lokaldemokrati og innbyggarmedverknad

Møtestad: Prosjektkontoret i Kremmergården, Ålesund

Dato: 05.10.18

Tid: 0900-1200

Møteleiar: Kari Grindvik

| Deltakarar: | Kommune/repr. |
|---------------------------------|--------------------------------------|
| Kari Grindvik | <i>Skodje</i> |
| Modolf Hareide | <i>Skodje</i> |
| Øystein Tvedt | <i>Ålesund</i> |
| Geir Stenseth | <i>Ålesund</i> |
| Helene Fjørtoft | <i>Ørskog</i> |
| Frode Andresen | <i>Ørskog</i> |
| Geir Skodje | <i>Repr. tillitsvalde</i> |
| Elin Moen | <i>Adm. repr. Haram</i> |
| Synnøve Vasstrand Synnes | <i>Adm. repr. Ørskog/Nye Ålesund</i> |
| Forfall: | |
| Trine Otterlei | |
| Svein Harsjøen | |
| Åse Kristin Ask Bakke | |
| Nils Magne Abelseth | |

| | |
|--------------------------|--|
| Irene K. Aase | |
| Bente G. Vikhagen | |
| Anny Sønnerland | |

Referat frå møtet:

1. Framdriftsplan for arbeidet i P2.

Oppretting av faggrupper.

Komiteen vart samde om følgjande prioriteringar og framdriftsplan:

| Møte | Dato | Innhald |
|----------------------------------|--------------------------------------|--|
| Politisk komite P2 | 05.10 | Rammevilkår for politisk arbeid: oppsummere etter arbeidsøkt i Fellesnemnda |
| Arbeidsutvalet til delprosjektet | ? | Førebu møte i delprosjekt P2 26.10 |
| Politisk komite P2 | 26.10 | Delegeringsreglement – prinsipp for delegering Prinsipp for rammevilkår |
| Fellesnemnda | 08.11 | Sak: Prinsipp for delegering Sak: Prinsipp for rammevilkår for politisk arbeid |
| Arbeidsutvalet til delprosjektet | ? | Førebu møte i delprosjekt P2 30.11 |
| Politisk komite P2 | 30.11 NB! Dato vert endra! | Rammevilkår for politisk arbeid Organisering av særlovsorgan i nye Ålesund kommune, design av prosess Organisering av innbyggartorg i nye Ålesund kommune – drøfting. Leiar for styringsgruppa for K5 vert invitert til møtet. Førebu arbeidsøkt i Fellesnemnda 13.12: - Møtereglement - Folkevaldopplæring |
| Fellesnemnda | 13.12 | Arbeidsøkt: - Møtereglement - Folkevaldopplæring |

| | | |
|--|----------------------------|---|
| | | Sak: Rammevilkår for politisk arbeid (reglement for godtgjersle, frikjøp etc) |
| | 2019 (dato ikkje fastsett) | Saker: Organisering av innbyggartorg i nye Ålesund kommune Organisering av særlovsorgan i nye Ålesund kommune Møterelement Folkevaldopplæring Samla delegeringsreglement Innovasjon og digitalisering |

Det vert oppretta to administrative arbeidsgrupper med komite P2 som styringsgruppe:

- Reglement
- Innovasjon og digitalisering - strategi

Arbeidsgruppene skal utarbeide framlegg til reglement og strategi, som skal leggst fram for komiteen for diskusjon og evt bearbeiding før sakene går vidare til handsaming i Fellesnemnda.

2. Rammevilkår for politisk arbeid i nye Ålesund kommune.

Oppsummering etter workshop i Fellesnemnda 13.10.18, samt oversikt over gjeldande reglement i dei 5 kommunane og fylkeskommunen vart lagt fram i møtet.

Komiteen ser at det er behov for ei todelt politisk handsaming av dette sakskomplekset:

1. prinsipp for rammevilkår vert lagt fram for Fellesnemnda 08.11.18
2. forslag til samla reglement for rammevilkår/godtgjersle for politisk arbeid vert lagt fram for Fellesnemnda 13.12.18

Komiteen meiner at følgjande prinsipp kan leggst til grunn for det vidare arbeidet med reglement for rammevilkår/godtgjersle:

- grunnlag for utrekning av godtgjersle: grunnbeløpet i folketrygda
- **ordførar** og **varaordførar** i 100 %
 - varaordførar har godtgjerlse i % av ordførar si godtgjerlse (størrelse vert å kome tilbake til seinare)
 - ordførar og varaordførar har ikkje møtegodtgjerlse i tillegg til fast godtgjerlse

- pensjonsordning og rett til godtgjersle ved sjukdom i tråd med lov/regelverk
- medlemmer av **kommunestyret/vara til kommunestyret**:
 - ingen fast godtgjersle
 - møtegodtgjersle i promille av ordfører si godtgjersle (størrelse vert å kome tilbake til seinare)
- medlemmer av **formannskap**:
 - fast godtgjersle i % av ordfører si godtgjersle (størrelse vert å kome tilbake til seinare)
 - møtegodtgjersle i promille av ordfører si godtgjersle (størrelse vert å kome tilbake til seinare)
- medlemmer av **planutval**:
 - fast godtgjersle i % av ordfører si godtgjersle (størrelse vert å kome tilbake til seinare)
 - møtegodtgjersle i promille av ordfører si godtgjersle (størrelse vert å kome tilbake til seinare)
- **kommunestyrekomitear**:
 - komiteleiarar: fast godtgjersle i % av ordfører si godtgjersle (størrelse vert å kome tilbake til seinare)
 - leiarar og medlemmer av kommunestyrekomitear: møtegodtgjersle i promille av ordfører si godtgjersle (størrelse vert å kome tilbake til seinare)
- **gruppeleiarar** i kommunestyret:
 - fast godtgjersle i % av ordfører si godtgjersle (størrelse vert å kome tilbake til seinare)
 - det må definerast eit minimum for kva som vert rekna som ei partigruppe
- **partigruppene** i kommunestyret: prosentdel av ordfører si godtgjersle pr medlem i partigruppa
- leiar og medlemmer av **ad hoc-komitear** og **oppgåveutval**: godtgjersle vert fastsett av kommunestyret når ad hoc-komiteen vert oppretta. Leiargodtgjersle må vurderast ut frå oppgåve/omfang.
- **Andre råd/utval**: møtegodtgjersle i promille av ordfører si godtgjersle (størrelse vert å kome tilbake til seinare).
- **frikjøpsordning**: komiteen ber om at det vert utgreidd eit system som muliggjer frikjøp. Ordninga til Møre og Romsdal fylkeskommune kan vere eit utgangspunkt.
- **reiseutgifter**: Statens regulativ vert lagt til grunn
- **kost**: Statens regulativ vert lagt til grunn
- **tapt arbeidsforteneste**:
 - vert dekt etter framlagt dokumentasjon
 - eigne satsar for ulegitimert tap
 - maksbeløp må fastsetjast
- **barnepass**:

- fastsetje eit beløp pr time
 - gjeld som hovudregel inntil barnet er fylt 12 år
- **PC-ordning:** må utgreiast
- **Telefon:**
 - **Godtgjersle av telefonutgifter** er innarbeidd i anna godtgjersle.
 - Det skal ikkje vere egne ordnngar for dekking av utgifter til **breiband**.
- **Media:** dekking av abonnement av Kommunal Rapport til medlemmer av formannskap, komiteleiarar og leiar av kontrollutvalet
- **Krav/utbetaling:**
 - fast godtgjersle vert utbetalt månadleg
 - anna godtgjersle vert utbetalt to gonger pr år
 - Tidsfristar: 3 mnd for reiserekningar
- **Ettergodtgjersle:** gjeld inntil 3 månader, men fell bort dersom vedkomande går over i løna stilling eller ytingar frå NAV/pensjonsordning.

3. Prinsipp for delegering.

Saksnotat vart gjennomgått (vedlegg).

Det vert førebudd ei sak til Fellesnemnda 08.11.18. P2 gjennomgår saka i neste møte (26.10.18).

Synnøve Vasstrand Synnes

Ref.

| Tema/ Kommune | P2 | HARAM | SANDØY | SKODJE | ØRSKOG | ÅLESUND | FELLES-NEMNDA | M&R Fylke |
|------------------------------------|---|---------------------------------|----------------------------|----------------------------------|-----------------|----------------------|---|------------------------------|
| Ordfører 100 % | | 10, 5 x G | 9 x G | 9 x G | 90 % av gr.lag | 12,5 x G (nedj.) | 0 | 100% |
| Grunnlag godtgjersle | Grunnbeløpet | Grunnbeløp | Grunnbeløp | Grunnbeløp | Stortingsrepr. | Grunnbeløp | Stortingsrepr | Fylk.rådm |
| Utbetaling | 1x12 | 1x12 | 1x12 | 1x12 | 1x12 | 1x12 | | |
| Møtegodtgjersle i tillegg | Nei | Nei | Nei | Nei | Nei | Nei | | Nei |
| Pensjonsordn. | Jfr. lov | Ord. 2 % | Ord. 2 % (folkevald) | Ord. 2 % | Ord. 2 % | Ord. 2 % (folkevald) | | Ord. for dei over 1/3 still. |
| Gruppeliv, sjukepengar, permisjon | Jfr. lov + dom i Høgsterett | Som tilsette | Fors som tilsette Sjp 50 v | Jf KS sine tilrådingar folkevald | Sjp NAV frilans | Sjp NAV frilans | | |
| Varaordfører 100% | prosentdel av ordfører si godtgjersle | 10 % av ordf | 10 % av ordf | 7 % av ordf | 10 % | 60 % av 11xG | | 50% av fordf |
| Møtegodtgjersle | Nei | Ja | Ja | Ja | Ja | Nei | | Nei |
| F.skap Fylkesutval | prosentdel av ordfører si godtgjersle | 4 % av ordf. (- ord.+ varaordf) | 10.000 fast/år | | | 5 % av ordf | | 15 % av fo |
| Møtegodtgjersle | Prosentdel/pr omille av ordfører si godtgjersle | 0,1 % av ordf. | 750,- /møte | 4,52 % av ordf | 800/møte | 1,5 prom av ordf | | |
| Møtegodtgjersle K-styremedl + vara | Prosentdel/pr omille av ordfører si godtgjersle | 0,15 % av ordfører | 750 /møte | 0,93 % av ordfører | 650/møte | 1,0 prom av ordf | 5 % fast Variabel 0,2 % /møte Vara: 0,3 % /møte | 5 % av fo |

| | | | | | | | | |
|---|--|---|---------------------|--|--|--|--|---|
| Planutvalet | prosentdel av ordførar si godtgjersle | | | | | | | |
| Møtegodtgjersle | | | | | | | | |
| Utvalsleiarar I tillegg til møtegodtgjersle | prosentdel av ordførar si godtgjersle | Kontroll, kultur = 2 % Viltneemd, næringsfond 1 % av ordf. | Tillegg 250,- /møte | Kontr + plan 4,52 % av ordf Andre 3,15% Ungdomsråd 0,52% | Tenesteutv + kom.pl.utv 4 % kontr.utv 2 % I tillegg dob. møtegodtgj. | Bystyrets utv 5 % Kontr.utv 1,5 % Andre 0,75 % | Underutval og arbeidsgrupper 4000/møte | Kontr 12% Hovudut 11% Plannemd 9% Råd 4 % Andre: dobbel møtegodtgj. |
| Ad- hoc-leiar og medlemmer | KST fastset godtgjersle når utvalt vert oppretta, evt fast godtgjersle pr møte | Dobbelt møtegodtgj.for leiar | Tillegg 250/møte | 3,15 % av ordf | | 1,5 prom | | |
| Generelt | | | | | | | | |
| Fast godtgjersle | | | | | | Faste medl i bystyreutv. 1,5 % kontr utv 1,0% | | |
| Møtegodtgjersle generell | Prosentdel/pr omille av ordførar si godtgjersle | 1 % av ordf | 750,- /møte | 0,93% av ordf Udr 0,37% | 650/møte Råd 450/møte UKS 200/møte | 1 prom av ordf | Partssam. Utv, Underutval og andre 0,2 %/møte | Variierer pr org for fast Andre:1650 |
| Frikjøp | Utgreie eit system som muliggjer frikjøp. MR Fylke kan vere eit utgpkt. | Nei | Nei | Nei | Nei | Delvis? | | Max 80 % av fo, forhandling tabell finn |

| | | | | | | | | |
|------------------|---|--|-------------------------|---|---------------------------|---|-------------------------|--|
| PC-ordning | Må utgreiast | Alle faste medlemmar 1-2 vara | | Alle faste | | | Nei | Ja, eller stipend 1500/ |
| Telefon | Ligg i godtgjersle. Kommunal telefon til m.a. ordførar og varaordførar. Breiband ikkje omfatta. | | Ordf. Mobil og breiband | Ordf. Mobil og breiband | Ordf mobil til disp | | Nei | Ja FO+FVO og leiarar |
| Media | Kommunal Rapport til formannskap og komiteiarar og kontrollutvalsl eiar | | | Kom rapport f. skap | | Formannskap og utvalsleiarar får Kommunal Rapport | Nei | Kommunal rapport + e lokalavis frå andre delar av fylket |
| Krav/utbet | Fast godtgjersle: 1x12 Møtegodtgjersle: 2 x år | 2 x år for fast og møte Reise 1-2 x år | | Fast 1/12 Elles 2 x år Medlem fører i sjølv i Visma | Fast 1X12 varialbel x2 | Fast over 20 % 1x12 Elles 1 x år eller etter krav | Fortløpande Godtgj. X 2 | Fast 1/12 Har ordn med betalingskort |
| Frist | Tidsfristar: 3mnd for reiserekn. | Ingen/12 mndr | | Ingen | | 6 mndr | | 3 mndr |
| Ettergodtgjersle | Inntil 3 mnd, fell bort dersom går | | 3 mndr | 3 mndr | 3 mndr | 3 mndr | Nei | Fast – ut året |

| | | | | | | | | |
|--|--|--|--|--|--|--|--|--|
| | over i lønna stilling evt ytingar frå NAV | | | | | | | |
|--|--|--|--|--|--|--|--|--|

Prinsipp for delegering i nye Ålesund kommune

Eit utgangspunkt for drøfting

Vedtak i fellesnemnda som ligg til grunn for arbeidet med eit delegeringsreglement:

Fellesnemnda - møte 15.02.18:

Fellesnemnda vedtek at politisk hovudorganisering for nye Ålesund skal utformast etter følgjande prinsipp:

- Nye Ålesund kommune skal ha eit formannskap beståande av 15 representantar.
- Kontrollutvalet skal ha fem medlemmar; minimum tre av desse skal vere kommunestyrerepresentantar. Leiaren skal være medlem av kommunestyret.
- Kommunestyret skal ha eit eige planutval, med 11-15 medlemmar.
- Kommunestyret kan setje ned tidsavgrensa ad-hoc komitear/oppgåveutval med føremål om å sikre tverrfagleg utvikling.
- I samsvar med intensjonsavtalen kan det vere gjennomgåande representasjon i den politiske organisasjonen, der dette er hensiktsmessig.
- Arbeidet i kommunestyreutvala skal organiserast med fire til seks utval/komitear som dekker dei store kommunalområda. Utvala/komiteane skal ha mellom 11-19 medlemmar. Kommunestyret i nye Ålesund kommune skal vere organisert med kommunestyrekomitear med saksførebuande mynde og innstillingsrett til kommunestyret.

Fellesnemnda møte - 12.04.18:

Medlemmene til kommunedelutvala i nye Ålesund skal vere oppnemnt av det nye kommunestyret, etter kommunevalet hausten 2019.

Fellesnemnda møte - 14.06.18:

Fellesnemnda vedtek at det skal vere 4 kommunestyrekomitear og at inndelinga i kommunestyrekomitear skal vere basert på sektorprinsippet:

- a. Oppvekst
- b. Kultur og medborgarskap
- c. Helse og omsorg
- d. Teknisk, miljø og samferdsel

Ordførar skal fritakast frå val til komitear, jfr. ny kommunelov § 5-8.

Nærare oppgåveportefølje knytt til kommunestyrekomiteane vert å innarbeide i eit samla delegeringsreglement for nye Ålesund kommune.

Fellesnemnda vedtek følgjande strategi for ad hoc-komitear/oppgåveutval:

Nye Ålesund kommune skal i løpet av første kommunestyreperiode ha prøvd ut ordninga med ad hoc komitear/oppgåveutval minst ein gong innafor alle kommunalområda.

Vedtak i fellesnemnda 13.09.18:

Fellesnemnda vedtek at kommunedelutvala i nye Ålesund vert organisert i samsvar med politisk komite si tilråding med tanke på

- Geografisk inndeling
- Namn på kommunedelutvala
- Organisering av kommunedelutvala, herunder st rrelse og samansetjing, sp rsmålet om gjennomg ande representasjon, korleis leiar og nestleiar skal veljast, samt arbeidsformer i utvala
- Oppg aver til kommunedelutvala
- Kommunedelutvala sin plass i den politisk organisasjonsmodellen

Ordninga med kommunedelutval skal evaluerast i l pet av f rste kommunevalperiode med tanke p  om modellen fremjar dei m lsetjingar som f lgjer av intensjonsavtalen

Konklusjonar i politisk komite P2:

Geografisk inndeling skal f lgje vedtekne ungdomsskulekrinsar i dei fem kommunane som skal bli nye  lesund.

P2 foresl r f lgjande namn p  kommunedelutvala:

Ellings y
Hessa, Skarb vik og Asp y
Indre Borgund
N rv y, N rvasund og Hatlane
Spjelkavik,  se og Lerstad
Skodje
 rskog
Sand y og Fj rtoft
Brattv g, Hildre og S vik
Vatne og Tennfjord
Nord yane

Konklusjonar i politisk komite P2:

Tal p  medlemmer: 11 medlemmer. Varamedlemmer: 9 varamedlemmer (i rekkef lge)

Samansetjing: 6 foresl tt av politiske parti (fordelt etter reglane i Kommunelova) og 5 foresl tt av lag/organisasjonar/lokalmilj a.

Organisering av rekruttering av representantar fr  lag/organisasjonar/lokalmilj a: Innbyggjarane i kommunedelen skal oppmodast om   foresl  kandidatar. Formidling gjennom ulike kanalar. Valnemnda skal samordne dei innkomne forslaga. Best mulig representasjon skal tilstrebast, med tanke p  alderssamansetjing og interessefelt. Medlemmene i utvalet b r representere eit breitt spekter av lokale akt rar som foreiningar, lag, lokale utval og innbyggjarar. Krav om kj nnsbalanse gjeld.

Kriterier for kven som kan veljast inn: Jfr. krava etter vallova, men med nedre aldersgrense: 14  r. Medlemmene b r ha bustadadresse i den aktuelle krinsen. Alle medlemmer vert valde for 4  r.

Konklusjonar i politisk komite P2:

1-2 av medlemmene av kommunedelutvala skal vere medlem av kommunestyret, og slik sikre prinsippet om gjennomg ande representasjon.

Konklusjonar i politisk komite P2:

Kommunedelutvala konstituerer seg, og vel sj lve leiar/nestleiar. Alle medlemmer i kommunedelutvalet er valbare.

Konklusjonar i politisk komite P2:

Kommunedelutvala får sine mandat frå kommunestyret, og at dei rapporterer dit. Det skal vere faste, årlege møte mellom kommunedelutvala og administrativ og politisk leiing i kommunen.

Kommunedelutvala skal i det politiske organisasjonskartet vere på linje med dei andre råda (Ungdomsråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Eldreråd).

Kommunedelutvala må sikrast tilstrekkeleg administrativ ressurs til koordinering og oppfølging gjennom eit felles politisk sekretariat.

Nærare om oppgåver, rapportering etc må innarbeidast i eigne reglement

Konklusjonar i politisk komite P2:

Kommunedelutvala skal vere utviklingsorgan og planleggingsorgan for saker som gjeld den aktuelle kommunedelen.

Utvala skal ta initiativ til utvikling av lokalmiljøet og medverknad i saker av interesse for kommunedelen, spesielt med tanke på

- lokalsamfunnet
- kultur
- frivilligheit

Utvala skal ha rett til å gje tilråding til overordna politiske organ i plansaker og andre saker som vedkjem kommunedelen.

Kommunedelutvala skal vere høyringsinstans i alle saker som gjeld den aktuelle kommunedelen.

Utvala skal ha uttalerett og vere høyringsorgan i plansaker, budsjett- og andre saker som vedkjem heile kommunen.

Kommunedelutvala skal ha ein pott pengar til disposisjon til lokale tiltak. Det skal utarbeidast ein fordelingsnøkkel som både sikrar eit grunnbeløp og som tek omsyn til folketalet i dei ulike kommunedelane. Det skal vurderast om det skal opprettast ein sentral pott til prosjekt som kommunedelutvala kan søke på.

Konklusjonar i politisk komite P2:

Komiteen meiner at kommunedelutvala skal vere likestilte med særlovsorgana, og rapportere direkte til kommunestyret.

Ein ser at dei sakene kommunedelutvala skal arbeide med naturleg høyrer heime under kommunalområdet Kultur og medborgarskap, og at det vil vere viktig å knytte til administrativ støtte frå desse tenestene.

Den politiske organisasjonsmodellen kan visuelt framstillast slik:



Generelt om prinsipp som vil bli lagt til grunn ved utarbeiding av delegasjonsreglement for nye Ålesund:

Kommunestyret som er direkte valt av innbyggjarane er kommunen sitt øvste organ, og kommunestyret er ansvarleg for kommunen sine avgjersler og handlingar.

For at dei folkevalde skal få gjort ein god og effektiv jobb, er det naudsynt at kommunen kan organisere seg slik den sjølv meiner er best. Kommunestyret kan ikkje stå for alt arbeidet blant dei folkevalde og gjere alle avgjerder sjølve. Arbeidsmengda ville blitt alt for stor, og kommunestyret bør ha tid til overordna og strategiske vurderingar og avgjerder. Det er derfor behov for å delegerer behandlingen av saker og og vedtaksmynde til andre folkevalde organ oppnemnt av kommunestyret og til leiaren av kommunen sin administrasjon.

Kommunelova slår fast at alle kommuner skal ha eit gyldig delegeringsreglement som gir innbyggjarane, politikarane og dei tilsette ein oversikt over kva mynde kommunestyret har delegert til andre politiske utval og kva som er delegert til leiar av kommunen sin administrasjon.

I vedteke ny kommunelov er komitear og faste utval som var etter dagens kommunelov § 10 fjerna som eigne type utval og ertatta med *utval* jf. § 5-1. Desse nye utvala kan vere faste eller midlertidige, og kan bli tildelt avgjerdsmynde, innstillingsrett eller berre utgreiingsoppgåver. Ordninga med *kommunestyrekomitear* som saksførebuaende organ for kommunestyret er vidareført. Det er også vedteke at leiaren av kommunen sin administrasjon skal nemnast *kommunedirektør*, men det kan gjerast vedtak om framleis å å nytte rådmann. Dette vil kome som eiga sak.

Ei sterk og tydeleg folkevald styring av kommunen er viktig, både for lokaldemokratiet og for kommunen sin legitimitet. Samtidig vert det lagt til grunn at kommunestyret si fremste

oppgåver er å ta hand om dei strategiske og overordna oppgåvene, medan administrasjonen tek hand om løpande forvaltningsoppgåver (ikkje prinsipielle saker).

I nye Ålesund kommune skal prinsippet om maksimal delegering gjelde. Det betyr at mynde delegerast til laveste nivå innanfor ramma av lovverket og så langt kommunestyret ønskjer. Prinsipielle saker vert lagt til folkevalt nivå, og ikkje-prinsipielle saker leggst til rådmann.

Eit godt samspel mellom folkevalde og administrasjonen er viktig. Samtidig skal det vere eit skilje mellom dei folkevalde og administrasjonen. Delegeringsreglementet skal tydleggjere roller, ansvar og oppgåver både for dei folkevalde og administrasjonen på best mogleg vis.

Kommunestyret

Kommunestyret skal i hovudsak konsentrere seg om dei prinsipielt viktige og strategiske oppgåvene, og utforme kommunen sine målsettingar.

Kommunestyret gjer vedtak på vegne av kommunen med mindre noko anna følgjer av lov eller delegeringsvedtak.

Kommunestyret skal gjere vedtak der det i lov eller føresegn går fram at det er **kommunestyret sjølv** som gjer vedtak.

Lovpålagte organ etter kommunelova:

Formannskapet

Formannskapet som er heimla i kommunelova vil vere eit sentralt organ i den politiske styringsstrukturen i (nye) Ålesund kommune.

Formannskapet kan gjere vedtak i alle saker som ikkje er delegert til andre utval eller til rådmann/kommunedirektør og som ikkje ligg til kommunestyret sjølv.

Etter reglane i kommunelova skal formannskapet behandle forslag til økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak.

Formannskapet innstiller til kommunestyret i alle saker med mindre innstillingsmyndet er delegert til anna organ eller følgjer av anna regelverk.

Formannskapet vert, med heimel i kommunelova gitt mynde til å treffe vedtak i saker som skulle vært avgjort av anna organ, når det er nødvendig at vedtak treffes så raskt at det ikke er tid til å innkalle dette.

Nærare om formannskapet si rolle og ansvarsområde må framgå i delegeringsreglementet.

Partsamansett utval:

Partsamansett utval skal behandle saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgiver og dei tilsette på eit overordna nivå. Partsamansett utval sitt ansvarsområde er oppgåver som er knytt til kommunen sin arbeidsgiverfunksjon.

Kontrollutval:

Kontrollutvalet skal etter vedtak i fellesnemnda ha minimum 5 medlemmer (minst 3 medlemmer og leiar skal vere frå kommunestyret). Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret gjennomføre løpande tilsyn med den kommunale forvaltning i samsvar med reglane i kommunelova. Kontrollutvalet skal mellom anna føre kontroll med at rekneskapen blir revidert, med kommunen sin økonomiforvaltning og med oppfølging og konsekvensar av kommunen sine vedtak.

Andre lovpålagde utval:

Ungdomsråd
Eldreråd og Råd for personar med nedsett funksjonsevne
Valstyre oppretta med heimel i vallova
Kommunalt klageutval etter forvaltningslova § 28

Ordførar:

I kommunelova er det gitt m.a følgjande reglar for ordførar:

- Ordførar er møteleiar i kommunestyret og formannskapet.
- Ordføraren er kommunen sin rettslege representant og skriv under på kommunen sine vegne hvis ikkje myndet er tildelt andre

Ordføraren har møte, talerett og forslagsrett i alle kommunale folkevalde organ. Berre møte og talrett i kontrollutvalet. Røysterett i dei utvala der han/ho er medlem. Ordføraren kan la eit anna medlem av kommunestyret eller fylkestinget representere seg i dei organa som han eller ho ikkje er medlem av.

Kommunestyret kan gi ordføraren mynde til å treffe vedtak i saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

Nærare om ev. mynde som blir gitt til ordførar blir fastsettast i delegeringsreglementet.

Andre utval oppretta med heimel i kommunelova:**Kommunestyrekomitear:**

Fellesnemnda vedtok i møte 15.02.18, sak 004/18 at kommunestyret i nye Ålesund skal vere organisert med kommunestyrekomitear og tidsavgrensa ad hoc-utval/oppgåveutval. I møte 14.06.18 vedtok fellesnemnda at det skal vere 4 kommunestyrekomitear og at inndelinga skal vere basert på sektorprinsippet.

Kommunen skal ha følgjande kommunestyrekomitear:

- a. **Oppvekst:** Kjerneoppgåver er knytt til grunnskule, SFO, barnehage, vaksenopplæring, og målet er å sørge for barns trivsel, utvikling og læring slik at dei kan greie seg i vaksenlivet.
- b. **Kultur og medborgarskap:** Kjerneoppgåver er knytt til å bygge fellesskap, og komiteen sine oppgåver omfattar ulike tenester på kulturfeltet, idrett og friluftsliv, kulturbygg, nærmiljøutvikling, frivillig arbeid/frivilligsentralar, innbyggartorg, flyktning og integrering. Ein kan også sjå føre seg at denne komiteen som ei mulig overbygning for kommunedelsutval.
- c. **Helse og omsorg:** Kjerneoppgåve er å hjelpe innbyggjarane til å kunne leve eit så aktivt og sjølvstendig liv som mogleg. Komiteen får ansvar for pleie- og omsorgstenester, helsetenester, psykisk helse og rus, aktivitet og sysselsetjing.
- d. **Teknisk, miljø og samferdsel:** Komiteen sine oppgåver har fokus på vekst og berekraft, og omfattar infrastruktur (vatn, avløp, renovasjon (VAR), veg, anlegg, park (VAP), byggesak, landbruksforvaltning, eigedomsdrift, kart-geodata/oppmåling, natur og miljø.

Generelt:

- Kommunestyrekomiteane er saksførebuande organ for kommunestyret
- Komiteane innstiller til kommunestyret
- Komiteane har ikkje avgjerdsmynde
- Alle kommunestyret sine medlemmer skal delast inn i komiteer
- Ordførar kan fritakast
- Medlem/varamedlem av kontrollutvalet skal fritakast

Oppgåver og mynde for komiteane:

Komiteane skal innstille til kommunestyret i saker innanfor sine arbeidsområde/saksfelt.

Komiteane kan få saker som gjeld formannskapet sine ansvarsområde til uttale dersom ordføraren avgjer det. Komiteane skal gi uttale til budsjett og økonomiplan.

Komiteane skal føre tilsyn med dei organ som er underlagt deira saksområde. Komiteane har ansvar for å etterspørre og evaluere effekt av vedtak som er gjort innanfor sine saksområde.

Komiteane kan ta opp saker på eige initiativ, eller på initiativ frå kommunestyre, formannskapet eller rådmannen.

Samhandling på tvers

Den politiske organiseringa i komitear samsvarar ikkje heilt med den administrative inndelinga i kommunalområde. Dette stiller krav til samhandling på tvers mellom dei ulike kommunalområda og dei politiske komiteane.

Ordføraren er bindeledd mellom komiteane og mellom den einskilde komite og formannskapet. Ordføraren skal halde møte med komiteleiarane regelmessig.

Rådmannen har ansvar for å stille administrative ressurser til disposisjon for komiteane, og sørge for administrativ samhandling på tvers av tenesteområda opp mot komiteane. Rådmannen instiller i alle saker til komiteane. Rådmannen skal møte i komiteane sine møter, enten personleg eller ved ein av sine underordna.

Komiteane kan be rådmannen om å fremme ei konkret sak. Dersom rådmannen avviser dette, kan komiteen vende seg til ordføraren som på eiga hand eller etter å ha konferert med formannskapet ev. kan pålegge rådmannen å fremme saka.

Arbeidsutval

Komiteane kan sette ned arbeidsutval for ei tidsavgrensa periode til førebunde arbeid med saker og til å utføre særskilte utgreiingar.

Høyringar m.v

Komiteane kan gjennomføre ein eller fleire høyringar som del av sitt arbeid for å få belyst eit saksområde som høyrer inn under komiteen sitt ansvarsområde.

Tidsavgrensa ad hoc utval/oppgåveutval

Med heimel i kommunelova sin § 5-1 (ny lov) kan det opprettast oppgåveutval eller ad hoc-utval som skal arbeide med konkrete tidsavgrensa oppgåver.

Kommunestyret vedtek mandat for utvala, og gir samstundes i mandatet nærare tidsramme og ev økonomisk ramme for arbeidet. Kommunestyret veljer medlemmer og leiar og nestleiar for utvala.

Ad hoc-utvala skal greie ut og kome med framlegg i saker til kommunestyret i tråd med mandatet dei er gitt. I særskilte tilfelle kan kommunestyret gi utvalet avgjerdsmynde i einskildsak som har direkte tilknytning til utvalet sitt oppdrag.

Ad hoc-utvala kan ved behov knyte til seg personar/organisasjonar som ikkje er folkevalde i samband med utvalet sitt arbeid. Utvalet kan også legge opp til høyringar, invitere til idedugnader, folkemøte, møte med interessegrupper etc.

Ordførar og rådmann (eller den rådmannen utpeiker) har møte- og talerett i utvala sine møter. Rådmannen stiller administrative ressursar til disposisjon etter behov.

Planutval:

Fellesnemnda har i møte 15.02.18 vedteke at eit eige utval skal vere planutval etter plan- og bygningslova § 3-3. Planutvalet skal ha 11-15 medlemmar. Planutvalet er eit fast utval oppretta med heimel i kommunelova § 5-1.

Plan- og bygningslova § 3-3 2. ledd:

Kommunestyret selv har ledelsen av den kommunale planleggingen og skal sørge for at plan- og bygningsloven følges i kommunen.

Kommunestyret skal vedta kommunal planstrategi, kommuneplan og reguleringsplan. Kommunen organiserer arbeidet med den kommunale planleggingen etter kapittel 10 til 12 og oppretter de utvalg og treffer de tiltak som finnes nødvendig for gjennomføring av planleggingen.

Planutvalet skal behandle saker etter både plan og bygningslova og jordlova.

Nærare om planutvalet sitt vedtaksmynde vil bli fastsett i delegeringsreglementet.

Ut over dette skal planutvalet m.a behandle og gi innstilling til kommunestyret i saker når det gjeld kap 10 Kommunal planstrategi, kap 11 Kommuneplan og kap 12 Reguleringsplan i Plan- og bygningslova etter nærare reglar i delegeringsreglementet.

Planutvalet har eit særskilt ansvar for å samordne den overordna/strategiske planlegginga med kommunedelplanar av ulike slag. Det skal m.a behandle framlegg til kommuneplan og kommunedelplanar m.v.

Klagebehandling:

Ved klage på vedtak skal førebunde klagehandsaming etter fvl § 33 gjerast av det same organ som fatta opprinneleg vedtak med mindre klagen reiser prinsipielle spørsmål.

eller:

Planutvalet sjølv (eller eit nedsett byggesaksutval) skal ta stilling til klager før dei vert oversendt klageorgan /fylkesmannen til endeleg klagebehandling.

Planutvalet skal ha førebunde klagehandsaming jf. fvl §33 i saker etter plan- og bygningslova sin § 12- 12 med heimel i plan- og bygningslova sin § 1-9.

Til kvart møte i Fast utval for plansaker skal det leggjast fram ei liste med oversikt over vedtak i saker gjort av administrasjonen etter delegert fullmakt.

Jordlova:

Planutvalet behandler saker etter jordlova. Slike saker vil ofte måtte behandlast parallelt både etter plan- og bygningslova og jordlova. Det vil då vere formålstenleg at same organ kan behandle saka etter begge lovene samtidig.

Elles vert dei fleste sakene etter både plan- og bygningslova og jordlova behandla administrativt etter delegert fullmakt

Nærare om kva saker planutvalet skal behandle etter jordlova vil gå fram i delegeringsreglementet.

Kommunedelsutval:

Kommunelova § 5-7:

Kommunedelsutvala har berre kompetanse innanfor ein bestemt geografisk del av kommunen. Direkte val av medlemmer er mogleg.

Kommunedelsutvala kan tildelast avgjerdsmynde i alle saker vedrørande kommunedelen med mindre noko anna følgjer av lov.

Nærare om kva mynde og oppgåver kommunedelsutvala skal ha må fastsettast i delegeringsreglementet, men fellesnemnda har i møte 13.09.18 vedteke m.a følgjande punkt:

Kommunedelutvala skal vere utviklingsorgan og planleggingsorgan for saker som gjeld den aktuelle kommunedelen.

Utvala skal ta initiativ til utvikling av lokalmiljøet og medverknad i saker av interesse for kommunedelen, spesielt med tanke på

- lokalsamfunnet
- kultur
- frivilligheit

Utvala skal ha rett til å gje tilråding til overordna politiske organ i plansaker og andre saker som vedkjem kommunedelen.

Kommunedelutvala skal vere høyringsinstans i alle saker som gjeld den aktuelle kommunedelen.

Utvala skal ha uttalerett og vere høyringsorgan i plansaker, budsjett- og andre saker som vedkjem heile kommunen.

Kommunedelutvala skal ha ein pott pengar til disposisjon til lokale tiltak. Det skal utarbeidast ein fordelingsnøkkel som både sikrar eit grunnbeløp og som tek omsyn til folketalet i dei ulike kommunedelane. Det skal vurderast om det skal opprettast ein sentral pott til prosjekt som kommunedelutvala kan søke på.

Rådmann (kommunedirektør):

Etter reglane i kommunelova er rådmannen øvste administrative leiar for den samla kommunale administrasjon, med dei unntak som følgjer av lov, og innanfor dei grensane som kommunestyret fastsett.

Ny kommunelov tydeleggjer at rådmannen har **fullt personalansvar** for alle tilsette.

Delegert mynde frå folkevalde organ til administrasjonen skal skje til rådmannen med mindre noko anna er heimla i særlov.

Rådmannen har etter lova ansvar for at alle saker som blir lagde fram for folkevalde organ er

forsvarleg utgreid og at vedtak blir iverksett. Utgreiinga skal gi eit faktisk og rettsleg grunnlag for å gjere vedtak. Rådmannen legg som hovudregel fram forslag til innstilling i saker som skal behandlast i alle folkevalde organ.

Rådmannen har personalansvaret for den einkilde tilsette, inkludert tilsetting, oppsigelse, suspensjon, avskjed og tenestelege reaksjoner, så langt ikkje noko anna er fastsett i lov.

Avgjerdsmynde:

Rådmannen har fullmakt til å avgjere alle saker som ikkje er av prinsipiell karakter, med mindre anna går fram av lov, føresegner eller delegasjonsvedtak.

Dersom det er tvil om ei sak er av prinsipiell karakter, og såleis skal behandlast av politisk organ, er det rådmannen sitt ansvar, i samråd med ordføraren, å avklare dette. Nærare om kva som er sak av prinsipiell karakter skal gå fram av delegeringsreglementet.

Rådmannen kan delegerere mynde vidare i administrasjonen. Slik vidaredelegering skal dokumenterast. Videredelegering i administrasjonen er ikkje omfatta av dette delegeringsreglement.

Retningsliner for bruk av fullmakt

Delegert mynde skal utøvast i samsvar med lover og forskrifter, og retningsliner gitt av kommunestyret eller det delegerande organ, herunder dei økonomiske rammene som er vedteke for verksemda.

Delegerande organ kan gi instruksjer og retningsliner for utøvinga av tildelt mynde.

Det delegerande/overordna organet kan når som helst krevje å få framlagt til avgjerd ei sak som eit underordna organ og/eller administrasjonen har til behandling i medhald av delegert mynde. Tilsvarende rett har rådmannen i saker som han/ho har delegert vidare til andre i administrasjonen.

Det delegerande/overordna organ kan av eige tiltak gjere om eit vedtak gjort av eit underordna organ/administrasjonen etter delegert mynde når vilkåra for dette er oppfylde etter forvaltningslova § 35, uavhengig av om dette dreier seg om enkeltvedtak etter forvaltningslova eller ikkje. Tilsvarende rett har rådmannen i høve til vedtak som er gjort etter vidaredelegert mynde til andre i administrasjonen.

Overordna organ kan til ei kvar tid endre eller trekke tilbake delegert mynde.

Det skal gå fram av delegeringsreglementet korleis kommunestyret sitt styrings- og kontrollansvar skal ivaretakast når saker er delegert. Det må etablerast system som sikrar tilstrekkeleg tilbakemelding til folkevalt nivå om delegeringssaker.

Det skal gå fram av delegeringsreglementet korleis kommunestyret sitt styrings- og kontrollansvar skal ivaretakast når saker er delegert. Det må etablerast system som sikrar tilstrekkeleg tilbakemelding til folkevalt nivå om delegeringssaker

Klagebehandling

Klagebehandling skal handterast i samsvar med reglane i forvaltningslova og kommunelova, samt delegeringsreglementet.

Nærare reglar om klagebehandling vert teke inn i delegeringsreglementet

Eksempel på andre aktuelle reglement for dei folkevalte:

Reglement for saksbehandling i folkevalte organer (politisk reglement)

Reglement for innsyn

Reglement for godtgjersle

KF Delegeringsreglement:

Nye Ålesund kommune skal ta i bruk KF delegeringsreglement. Ålesund og Skodje abonnerer på tenesta i dag.

« KF delegeringsreglement er et moderne, unikt og brukervennlig verktøy for delegering til politiske og administrative organer. Løsningen inneholder svært gode rapportmuligheter.»

Inneheld alle lovparagrafer som omhandlar delegeringsadgang og –forbod. Lovparagrafane vert kontinuerleg oppdatert av Komuneforlaget. Publisert både på internett og intranett.